



DEN NORSKE KYRKJA KINSARVIK SOKNERÅD

Til
Kulturdepartementet
Kirkeavdelingen
postmottak@kud.dep.no

STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - ET TYDELIG SKILLE.

Kinsarvik sokneråd vil gje fylgjande høyringsssvar til høyringa "Staten og Den norske Kirke - et tydelig skille".

1. Skilje mellom stat og kyrkje er på god gang. Dette høyringsnotatet representerer eit viktig steg i rett retning. Kyrkja vert eige rettssubjekt, og banda til staten losnar. Slik må det vera. Prosessen tek tid, det er ikkje til å unngå. Me ynskjer likevel å gje uttrykk for at det er viktig at det vert halde trykk på prosessen, slik at han ikkje stansar opp.

2. Høyringsnotatet legg til grunn at soknet framleis skal vera sjølvstendig når kyrkja vert etablert som eit nytt rettssubjekt. Dette er me samde i. Det lokale eigarskapet til kyrkja er overmåte viktig. Soknet sin stilling vis a vis overordna kyrkjelege strukturar må ikkje svekkjast.

3. Me er glad for at høyringsnotatet så tydeleg slår fast at «kommunenens finansieringsansvar overfor kirken foreslås ført vidare». Dette er i tråd med kyrkelova §15, som i dag er den økonomiske berebelken i for den lokale kyrkja. Også når me går inn i ei tid med endring av kommunegrensar, er det viktig at dette prinsippet vert slege fast.

4. Arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette i bispedømeråda og Kyrkjemøtet er foreslått overført til ei midlertidig ordning der Kyrkjemøtet vert øvste arbeidsgjevarinstans. Denne ordninga bør vidareførast permanent. Det er i dag sterkt motstridande meiningar i kyrkja om korleis eitt felles arbeidsgjevaransvar skal organiserast, og me trur ikkje kyrkja bør satse på ei løysing som ikkje har brei forankring. Kyrkja har heller ikkje råd til ein ny langvarig debatt med steile frontar. Me trur utfordringa best kan løysast ved å oppretthalda den midlertidige ordninga som no vert innført. Prestane vil få forankring i Kyrkjemøtet, ei ordning me forventar Presteforeininga vil gå inn for. Kyrkjeleg tilsette vil som i dag vere tilsett av fellesrådet, då innanfor den nye kommunestrukturen som kjem, med kyrkjeveverjene som leiarar. Dette vil også sikre nærleik mellom lokalkyrkja og kommunane, noko som er viktig med tanke på kyrkja sitt økonomiske fundament.

5. Opplysningsvesenets fond bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vera heilt uakseptabelt.

6. For øvrig undrar det oss at ikkje desse høyringsnotata også finst på nynorsk.

27.10.14
Med helsing

Gry-Helga Aarhus
sekretær